Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vågan.

Emne: Beit og brom

Bygdelag:

Oppskr. av: Th. Aalstad.

Gard:

(adresse): Svolvær

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Svara her må ein sjå i samanheng med det som er sagt om skav.

1. Det var mykje nytta kring hundreårsskiftet. Ein kalla det ris; men beit er og kjent. Det var mest berre bjørkeris.

2. Ukjent

3. Riset vart helst pikka ut or vinterveden, som var hugd seinhaustes og framkjørt i desember - januar.
Men på gardar der det retteleg vart bunød, måtte dei til skogs på vårparten - endå før karfolka kom frå Lofot-fiske - og kvista ris. Det gjekk mest ut over toppar og greinskudd, så skogen for ille.

4. Lauvkniv, lang, tunn kniv lik den same brukar til vedøks.

5. Riset var mest nytta til sau og geit, men og til storfe. Dyra gnog det i seg ublanda.

6. Det låg på tunet i ein haug. Vedkost og beitkost var mest det same. I beitkosten var det dog mest berre ris og skat.
I lagleg ver var dyra ute ei tid på formiddagen og ruska i beitekosten. Var det derimot

1444

Snöver og frost, ber ein riset inn.
7. Skikken har eg aldri höyrt omtala

Svolvær 13/3-48.

Th. Aalstad.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1444